



TOLL
CUSTOMS

← Årsmelding 2013 →

← Tollvesenet →

Gode resultat i 2013

Narkotikabeslag

Tollvesenet sin grensekontroll førte i 2013 til 3 905 narkotikabeslag. Det er nesten 1 000 fleire narkotikabeslag enn i 2012. Ein god del av auken kjem av nye syntetiske narkotiske stoff.

Mengda narkotika i kvart einskild beslag blir stadig mindre. Når det gjeld beslaglagd mengd, er det ei dobling for amfetamin, og ein monaleg auke av kokain og khat. Mengda beslaglagd heroin er stabil, medan mengda av cannabis har gått ned.

Store tal

Tollvesenet sitt bidrag til statskassa auka i 2013 til 212 milliardar kroner.

Hovudgrunnen til denne auken er eit større importvolum.

Inntektene frå eingongsavgift på motorvogner gjekk ned for første gong på mange år.

Det kjem av auka sal av elektriske bilar, som er fritekne for eingongsavgift.

Økonomiske kontrollar

Dei økonomiske kontrollane er eit monaleg bidrag til Tollvesenet sine resultat. I 2013 avdekte Tollvesenet unndragingar og feil for nær 1,2 milliardar kroner.

185 saker vart vurderte som grovt uaktsame, og 28 saker vart melde til politiet.



Toll- og avgiftsdirektør Bjørn Røse




Dette er Tollvesenet

- Tollvesenet er ein etat under Finansdepartementet.
- Toll- og avgiftsdirektoratet er Tollvesenet sitt overordna administrative organ, og har 290 tilsette. Direktoratet utviklar regelverk, styrar og tilbyr stønadsfunksjonar til tollregionane og er klageinstans for næringsliv og publikum.
- Tollvesenet si lokalforvaltning er organisert i seks tollregionar.
- Tollvesenet gjer ei rekkje kontrolloppgåver ved import og eksport av varer. Tollvesenet forvaltar eiga regelverk, men også regelverket til andre etatar på grensa. Etaten fastset og krev inn toll og meirverdiavgift ved innføring av varer, og har også ansvar for fastsetjing og innkrevjing av særavgifter.
- Toll- og avgiftsdirektør Bjørn Røse leiar etaten. Ved årsskiftet 2013/2014 hadde Tollvesenet 1 974 tilsette.

Tollvesenet sine sentrale samfunnsoppgåver :

- hindre ulovleg inn- og utføring av varer
- sikre rett deklarerering, fastsetjing og rettidig innbetaling av toll og avgifter

Leiinga i Tollvesenet per 1. januar 2014



Nokre høgdepunkt i 2013

Januar

Tollvesenet inngjekk avtale om opplæring av utrykings sjåførar i Tollregion Aust-Noreg. I prøveordninga, som skal vare fram til 2016, skal ein vurdere om høvet for utrykking for køyretøya og personellet til Tollvesenet kan bli eit permanent verkemiddel. Ordninga skal hjelpe til sikrare og meir effektive kontrollar langs landevegen.

Februar

Ny narkotikaforskrift vart fastsett. Forskrifta gjev Tollvesenet betre høve til å stoppe import av mellom anna syntetisk narkotika. Ei viktig endring er at den nye forskrifta listefører grupper av stoff. Det vil seie at ulike stoff som liknar kvarandre enkelt kan klassifiserast som narkotika, og bli stoppa som ulovleg vare.

Mars

3 560 804 krav om årsavgift på totalt 9 156 901 889 kroner forfall til betaling denne månaden. Over 90 prosent betalte innan fristen.

April

Ein flypassasjer hadde med seg heile 226 kartongar med totalt 45 200 sigarettar då han vart stoppa på Oslo lufthamn. Det er det største tollbeslaget av sigarettar nokonsinne på Gardermoen. Avgiftsunndraginga utgjorde 137 578 kroner.

Nokre høgdepunkt i 2013

Mai

Frå 1. mai 2013 vart det innført nye reglar for innføring av hund til Noreg. Hundar måtte frå dette tidspunktet vere behandla med ormekur mot revens dvergbendelorm hjå veterinær før innreise. Revens dvergbendelorm kan smitte frå dyr til menneske, og kan i verste fall vere dødeleg.

Juni

I løpet av ei veke fann tollarane på Alnabru og Gardermoen ei rekkje postsendingar som inneheldt ulovlege narkotiske og psykoaktive legemiddel. Noreg var eitt av 99 land som deltok i Operasjon Pangea, ein omfattande aksjon mot internettsal av ulovlege eller falske legemiddel.

Juli

1. juli fekk Tollvesenet utvida styresmakt til å stoppe piratvarer. Forlenga tilbakehaldsfrist for slike varer, samt auka straffe- og erstatningsnivå, gjev rettshavarane betre høve til å følge opp saker som Tollvesenet avdekkjer.

August

I august vart tollkryssaren Svinør døypt i Kristiansand. Med T/K Svinør blir grensekontrollen til sjøs ytterlegare styrkt. Tollvesenet har fire operative fartøy som driv ordinært tolloppsyn, spaning og kontroll. I tillegg har Tollvesenet eit utstrakt samarbeid med Kystvakta.

Nokre høgdepunkt i 2013

September

I september vart ein latvisk-registrert gravferdsbil stoppa for tollkontroll på Svinesund. Sjøføren kunne vise fram både dødsattest og dokumentasjon på transporten. Tollarane ville likevel sjekke bilen litt nærare, og fann totalt 473 liter brennevin og 20 000 sigarettar i aluminiumskista som var bak i bilen.

Oktober

Resultata frå innbyggjarundersøkinga som vart gjennomført av Difi, viser at Tollvesenet sine brukarar er godt nøgde med servicenivået, og at etaten har stor grad av tillit hjå folk.

November

Tollvesenet på Gardermoen tok i bruk ein kroppsskannar som kan avsløre om reisande skjular narkotika i kroppen. Lågdose røntgenapparat har vore i bruk i andre land i fleire år, og har gjeve gode resultat. Kroppsskannaren skal berre brukast om det er mistanke om såkalla innvendig smugling. Denne kontrollmetoden sparar både reisande og tollarane for tid og ressursar.

Desember

Tidleg om morgonen 27. desember ville tollarane på Svinesund stoppe ein svenskregistrert varebil. Han stansa ikkje, og bilen vart seinare funne forlate. Totalt vart det beslaglagt 524 kg khat, som var ny rekord. Sjøføren vart pågripe noko seinare.

Nøkkeltal

Toll og avgifter	2013	2012	2011
Tollinntekter	2 882	2 877	2 537
Meirverdiavgift ved innføring	121 900	120 071	115 374
Motorvognavgifter	32 309	33 213	31 912
Særaggifter	55 114	53 916	54 433
Sum*	212 205	210 077	204 256

Innkrevjing og restansar	2013	2012	2011
Fastsett beløp	213 258	211 312	205 524
Nye restansar	284	299	201
Akkumulerte restansar	461	485	397

Alle tal i millionar kroner

Nøkkeltal

Fastsetjing	2013	2012	2011
Talet på innføringsdeklarasjonar	5 536 271	5 300 134	5 028 580
Talet på utføringsdeklarasjonar	1 269 026	1 250 930	1 249 633
Sum	6 805 297	6 551 064	6 278 213

Økonomiske kontrollar	2013	2012	2011
Talet på verksemdskontrollar	1400	1 445	1 561
Etterutrekna beløp (i mill. kroner)	443	745	467
Av dette toll og særavgifter (i mill. kroner)	168	325	221
Tal alvorlege brot på føresegnene	185	183	192

Tollvesenet sine økonomiske resultat

Kontroll av	2013	2012	2011
Deklarasjoner	568	515	433
Rekneskapskontrollar	443	745	467
Særavgiftsoppgåver	3	11	3
Valuta	51	46	56
Piratvarer	18	18	50
Kontroll av lågverdisendingar	10	-	-
Kontroll av høgt skatta varer	90	-	-
Sum	1 183	1 338	1 009

Alle tal i millionar kroner.

Tollvesenet avdekte avgiftsunndragingar for nesten 1,2 milliardar kroner i 2013. Det blir mellom anna svindla med landbruksvarer, bubilar, leiketøy, gullvarer og alkohol. Varekontrollane avdekte falske merkevarer for 18 millionar kroner.

Beslagsstatistikk for 2013


Det vart gjort 35 729 beslag i grensekontrollen i 2013, mot 35 879 i 2012 og 35 319 i 2011.

Dette stadfestar at smuglingspresset mot grensene til Noreg framleis er høgt. Det har også vore ein monaleg auke i talet på narkotikabeslag, og slike beslag fører alltid til politimelding.



145 kilo kokain vart funne i eit parti med banankassar i Oslo i desember 2013.

Talet på beslag



Beslagsstatistikk for 2013

Narkotika	2013		2012	
	Talet på beslag	Mengd	Talet på beslag	Mengd
Amfetamin	322	234 951 g	135	110 324 g
Cannabis (hasj/marihuana)	1 463	866 291 g	1 221	1 253 034 g
Heroin	40	35 225 g	28	35 840 g
Kokain	111	147 751 g	77	20 713 g
Khat	339	13 574 kg	283	8 172 kg


Farmasøytiske preparat	2013		2012	
	Talet på beslag	Mengd	Talet på beslag	Mengd
Doping (einingar)	715	104 465	714	205 842

Beslagsstatistikk for 2013

Det er gjort 3 905 beslag av narkotika, ein auke på 32 prosent frå 2012 der resultatet var 2 959 beslag. Beslaga er fordelte på alle typar narkotika. Syntetiske narkotiske stoff, som i stor grad blir kjøpt på nettet, utgjorde 437 av beslaga, ein auke på 118 prosent frå 2012.

I desember vart det nest største kokainbeslaget i historia gjort i Oslo. Ein fann heile 145 kilo kokain i eit parti bananar som kom frå Equador.

Beslaglagd mengd narkotiske stoff (i gram)



Beslagsstatistikk for 2013

Alkoholholdige drikkevarer	2013		2012	
	Talet på beslag	Mengd	Talet på beslag	Mengd
Brennevin	7 380	49 756	7 446	50 027
Brennevin over 60 %	54	205	45	5 869
Øl	5 093	395 589	5 258	401 288
Vin	4 695	49 519	5 246	49 435

Tobakkvarer	2013		2012	
	Talet på beslag	Mengd	Talet på beslag	Mengd
Sigarettar	7 006	8 902 887	7 435	10 149 568
Tobakkvarer, andre (kg)	1 546	1 495	1 820	2 005

Talet på beslag av alkoholholdige drikkevarer er relativt stabilt. Mengda med øl, vin og brennevin som blir beslaglagt er på same nivå, medan beslaget av brennevin over 60 % (ulovleg vare) går ned.

Talet på beslaglagde sigarettar gjekk ned frå drygt 10 millionar sigarettar i 2012 til i underkant av 9 millionar i 2013.